Godt besøk på salskafe

31.10.2011

KVAS er ein av forkortingane på det som tidlegare heitte AFA og som tyder Kvinnherad Vekstbedrift AS. Laurdag opna dei dørene for publikum under det nye namnet men i tråd med det som har vorte ein tradisjon: Den årlege salskafeen no seinhaustes. Også i år var det jevnt og godt besøk, konkluderar avdelingsleiar for tekstil og kantine Inger Naterstad for uskedalen.no
Til dømes var det eit betydeleg innslag frå Rosendal.

Eit mål på det gode besøket er salet av graut - også det ein del av tradisjonen. Dette året gjekk det unna 25 liter mjølk til grautkokinga, det same som i fjor.

Produktsalet var godt, litt av alt gjekk unna og utstillingsvindauga i første høgda vart tømt.

Ikkje minst var det i år interesse for tova produkt
Sitteunderlag, filleryer og puter var 3 som fanga interesse og det galdt ikkje minst putene som er eit nytt produkt av året.

På biletet: Inger Naterstad brukte 25 liter mjølk til grautkokinga
både i fjor og i år

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen